


## Ridande vossabrudlaup på Nordic Fest i Decorah Iowa USA.

Hesteeigarane i det amerikanske fjordhestlaget møtte fram med 22 fjordhestar. Det ridande brudlaupsfylgjet vart eit fint og verdig innslag i den store paraden under Nordic Fest i Decorah. Den årlege tilskipinga av Nordic Fest i den vesle byen med 6.000 innbyggjarar kunne tidoble folketalet desse festdagane.



David O. Kløve rir gjennom Decorah. Han har lagt ned mykje arbeid på å skape kontakt mellom Noreg og USA.

Ei «kulturgruppe» frå Voss på vel 50 menneske. Samansett av hestefolket med han Daoe i brodden, husflidsfolk og Voss spelmannslag, reiste i slutten av juli saman med Voss Bondelag til Amerika for å vere med på Nordic Fest i Decorah. Tilsaman ei gruppe på 150 vossingar. For dei fleste var dette første Amerikaturen, så forventningane var både store og mange.

Det var David O. Kløve (mellan vossingar kalla Daoe) som sette brudlaupsgriller i hovudet på vossingane. Han var frå før godt kjendt med både hesteeigarar og hestar i det amerikanske fjordhestlaget. Han meinte at eit ridande vossabrudlaup i Amerika ville vere fine greier, og dette let seg godt gjera å stella i stand. Fjordhesteeigarane i Amerika var oppglødde for dette, dei var villige å møta fram med hestane sine til brudlaup i Decorah. I lang tid før Amerika-turen var det godt samarbeid og flittig korrespondanse mellom Amerika og Voss. Det var mykje som laut ordnast for at brudlaupet skulle verta vellukka. Rideutstyr kunne skaffast i Decorah, men tverrsalane som dei 8 kvinnene i fylgje skulle sitja i, laut takast med frå Voss. Likeeins beitel til brurahestane, bruratepper og ymse anna som ein laut ha til brudlaupet.

Dei amerikanske hesteeigarane kravde å få leia hestane sine sjølve i brudlaupsfylgjet. Dette var noko vossingane laut akseptera, sjølv om dei fleste var hesteeigarar og visste å meistra ein hest sjølve. Fjordhestlaget i Amerika gjorde ein stor innsats for å få til dette ridande vossabrudlaupet. Dei kom lange vegar med hestane sine, nokon kom heilt frå Canada.

For at brudlaupsfolket skulle verta kjende med hestane og hesteeigarane var det prøveridning tidleg på dagen. Hestane oppførte seg fint endå til med dei gamle tverrsalane frå Voss på ryggen. Kan hende var dei stolte over å få bera både salane og kvinnene. I alle høve var hesteeigarane stolte av at hestane deira fekk vere med i dette store opptoget i Decorah.

### Kulturtradisjon på Voss.

Ridande vossabrudlaup er ein gammal kulturtradisjon, som ein lyt attende til først på 1900-talet etter. I dei seinare år har det ved ymse høve vorte laga til ridande vossabrudlaup for å vise korleis den gamle skikken var. Fyrst i «brudlaupsråæ» kjem fedrene, så spelemann og kjømeister, brudeparet, hestesveinar, mødrene, alle konene, så jentene med brurejentene først, og karane, alle på hesteryggen. Til sist kjem kjellarmannen køyrande med øltunna og ølkjenga.

Folk fotograferte og filma, klappa og vinka då brudlaupsfylgjet kom, mest på slutten av den vel timelange paraden etter hovudgata i Decorah. På Courthouse square var varaordføraren på Voss, Audhild Rygg, og fortalte om brudlaupsfylgjet etterkvart